

Noregs geologiske undersøking (NGU) er den sentrale institusjonen for kunnskap om berggrunn, mineralressursar, lausmassar og grunnvatn. NGU sine oppgåver omfattar geologisk, geofysisk og geokjemisk kartlegging, utvikling og drift av databasar, forskning, informasjon og rådgjeving til det offentlege og til industrien. NGU har velutstyrte laboratorium, mellom anna geokjemisk laboratorium. Grunnidé for verksemda er Geologi for samfunnet. NGU har 225 tilsette frå 24 nasjonar. Av desse er 65 % forskarar.

## 9-MÅNADERS ENGASJEMENT I MARINGEOLOGI

Ved Noregs geologiske undersøking er det ledig eit 9-månaders engasjement innan maringeologi.

Stillinga vil vere knytt til MAREANO-programmet ([www.mareano.no](http://www.mareano.no)) og andre prosjekt (<http://www.ngu.no/no/hm/Hav-og-kyst/Havbunn/>) der maringeologisk kartlegging og kjennskap til GIS er viktig.

Maringeologi-laget ved NGU er samansett av ei gruppe på 11 forskarar og fire ingeniørar. Dei tilsette i laget arbeider med eit vidt spekter av geologiske fagområde langs kysten, på kontinentalsokkelen og på kontinentalskråninga. Viktige arbeidsoppgåver er blant anna maringeologisk kartlegging/utarbeiding av maringeologiske kart, og dokumentasjon av geologien si betydning innan økosystembasert forvaltning. Vi har eit tett samarbeid med oljeindustrien, forskingsinstitusjonar og forvaltingsorgan. NGU har eit sterkt fokus på digitale databasar og presentasjon av data og tolkningar frå desse på internett.

Vi søker etter ein forskar som kan dekkje eitt, eller fleire av fagfelt 1) maringeologisk kartlegging, 2) prosessering av multistråledata og seismikk, 3) terrengmodellering, GIS-analyse og 3D-visualisering, 4) marin naturtypekartlegging.

Erfaring frå forskingstøkt og datainnsamling (seismikk, multistrålebatymetri, video, prøvetaking) vil vere nyttig. Den som blir tilsett vil delta på tokt, bli involvert i samanstilling av digitale produkt og beskrivelsar, presentasjon på faglege møte, og publisering av vitskaplege resultat i rapportar og internasjonale fagtidsskrift.

Den som blir tilsett må ha mastergrad i geologi eller tilsvarende kompetanse og god kjennskap til norsk språk og norske forhold, slik det er framheva i Strategisk plan for NGU. Vi søker etter ein person som kan byrja i stillinga snarast.

Vidare informasjon om stillinga kan ein få ved å kontakte Reidulv Bøe, +47 73904274, [reidulv.boe@ngu.no](mailto:reidulv.boe@ngu.no), eller avd.dir. Øystein Nordgulen, +47 73904245, [oystein.nordgulen@ngu.no](mailto:oystein.nordgulen@ngu.no).

Søknad med CV, liste over publikasjonar, kort omtale av forskingsinteresser og namn og e-post adresse for tre referansepersonar sendast elektronisk via NGU sine nettsider [www.ngu.no/stillinger](http://www.ngu.no/stillinger) innan 20.november 2010.